

## Møte om Friluftsplassen

18.03.2014



Plassen treng ein oppustning

**Styret for Uskedal Friluftslag kallar inn til møte om framtida og drifta av Friluftsplassen. Det vert halde allereie onsdag i denne veka, klokka 19 på plassen og styret oppmodar om godt frammøte.**



17. mai for nokre år sidan

Friluftsplassen er eit friområde sentralt plassert i Uskedalen. Til plassen høyrer tribune med møterom, kjøkken og toalett/sanitæranlegg.

Friluftslaget har eige styre, men det er alle laga i bygda som utgjer grunnlaget for ei varig og god drift. Dei siste åra har det vore liten aktivitet på Stemneplassen. Eit nytt løft må til for å halda oppe drifta med vedlikehald og renovering.

Denne innkallinga går til medlemslaga, skulen, Uskedal barnehage, naboar og andre interesserte.

### **STYRET**

NETT: Ola Matti Mathisen

Foto: Tor Inge Døssland